



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
092/20	Utval for samfunn, kultur og næring	02.12.2020

Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv -rullering 2021

Vedlegg i saka:

25.11.2020	Handlingsprogram Nærmiljø anlegg 2020-2023 23.11.20	1417225
25.11.2020	Handlingsprogram Nærmiljø anlegg 2020-2023 23.11.20	1417225
25.11.2020	Handlingsprogram Ordinære anlegg 2020-2023 23.11.20	1417226
25.11.2020	Handlingsprogram Ordinære anlegg 2020-2023 23.11.20	1417226
25.11.2020	Langtidsprogram 2024-2031 23.11.20	1417227
25.11.2020	Langtidsprogram 2024-2031 23.11.20	1417227
25.11.2020	Omtale Nærmiljø anlegg 2020-2023 23.11.20	1417228
25.11.2020	Omtale Nærmiljø anlegg 2020-2023 23.11.20	1417228
25.11.2020	Omtale Ordinære anlegg 2020-2023 23.11.20	1417229
25.11.2020	Omtale Ordinære anlegg 2020-2023 23.11.20	1417229
25.11.2020	Innspel til handlingsdelen 2021	1417052
25.11.2020	Innspel til handlingsdelen 2021	1417052

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for samfunn, kultur og næring vedtek rullering for 2021 av Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2020-2023. Rulleringa gjeld handlingsprogram for nærmiljøanlegg, ordinære anlegg, langtidsprogram og omtale av anlegga, i samsvar med vedlegg i saka, datert 23.11.20.

Behandling i Utval for samfunn, kultur og næring 02.12.2020:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

USKN-092/20 Vedtak:

Utval for samfunn, kultur og næring vedtek rullering for 2021 av Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2020-2023. Rulleringa gjeld handlingsprogram for nærmiljøanlegg, ordinære anlegg, langtidsprogram og omtale av anlegga, i

samsvar med vedlegg i saka, datert 23.11.20.

Bakgrunn for saka:

For å kunne få spelemidler er det eit krav at prosjektet du vil gjennomføre er tatt inn Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv –handlingsprogrammet. Denne vert rullert kvart år.

Godkjent plan i si heilheit med vedlegg, finn de [her](#).

Saksutgreiing:

Informasjon om rulleringa, innspelsfrist og søknadsfrist for spelemidler var lagt på kommunen sine heimesider, informert om i annonse i Firda og sendt til lag og organisasjonar som har spelemiddelsøknader i sakshandsamingssystemet. Det vart også informert om dette på alle dei fire folkemøta for frivillige lag og organisasjonar i august 2020.

Det er kome inn 33 nye ulike innspel til rullering av Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (liste vedlagt). Alle desse er tekne inn i handlingsprogrammet. For dei som har søkt spelemidler er anlegga plassert i handlingsprogram for nærmiljø eller ordinære anlegg, dei som ikkje har søkt er plassert i langtidsprogrammet. I tillegg er det levert ein søknad om spelemidler til eit anlegg som ikkje er spelt inn, men som no vert teke med i planen. Dette gjeld planering av startområde på Hafstadfjellet for luftsport, slik som hangglider, speedrider og paraglider. Søknaden kjem frå Fjordane luftssportsklubb.

Alle som har søkt om spelemidler er også med i sak om prioritering for spelemiddelsøknader 2021.

Det kom også eit innspel om nokre rettingar frå Viksdalen idrettslag til revisjonen av kommunal plan i 2019. Dette innspelet var sendt innanfor fristen, men var sendt til feil mottak og vart ikkje registrert før etter fristen. Desse feila er no retta.

Konklusjon

Alle innspel er teke inn og handlingsprogrammet er oppdatert.

Førde, den 23.11.2020

Ole John Østenstad
kommunedirektør

Hilde Bjørkum
kommunalsjef